



1

# Overordna beredskapsplan

## Administrativ del

Skildring av korleis beredskapen er organisert, samordna og dokumentert, samt kva prinsipp, prioriteringar og metodar som skal vera førande for organiseringa av beredskap og utøving av beredskapsleiing i kommunen.

05.06.2024

Kommunedirektøren

## Forord

Utviklinga innan samfunnstryggleik og beredskap går fort, og det er derfor avgjerande for Bømlo kommune å ha fokus på kontinuerleg, heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i tråd med lovar og forskrifter.

I formålet til «Forskrift om kommunal beredskapsplikt» står det klart at målet er å sikre befolkninga si tryggleik. Kommunen skal jobbe systematisk og heilskapleg for å redusere risikoen for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.

«Overordna beredskapsplan - administrativ del», saman med anna beredskapsplanverk som er omtala i dokumentet, oppfyller krava i «Sivilbeskyttelsesloven» og i «Forskrift om kommunal beredskapsplikt».

Uansett kor mange potensielle hendingar som vert lista opp og vurdert i risiko- og sårbarheits- analysar, og uansett kor mange risikoreducerande tiltak som vert implementert, så vil uønskete hendingar alltid kunne skje. Dette kan skuldast menneskeleg kriminalitet eller feil, men også ekstremvær, naturkatastrofar, epidemiar eller andre eksterne påverknadar. I ein stadig meir utfordrande internasjonal tryggleikspolitisk situasjon, må me også ta høgde for hendingar som tidlegare var utenkelege, og omhandle desse i vårt lokala overordna beredskapsplanverk.

Grunnleggjande nasjonale prinsipp i samfunnstryggleik som likskap, nærleik, ansvar og samvirke saman med dei nasjonale beredskapsverdiane og dei proaktive prinsippa dannar fundamentet for overordna beredskapsplanverk. Prioriteringane og metodane, som er omtala i «Overordna beredskapsplan – administrativ del», skal rettleie organiseringa av beredskapen og utføringa av beredskapsleiing i kommunen.

Det er viktig å streke under at beredskapsplanverket aldri vil kunne dekke alle moglege scenario, og heller ikkje gi ein fasit på korleis forskjellige beredskapshendingar skal handsamast. Derfor er metodikken som vert nytta under beredskapshendingar svært viktig, for m.a. å sikre felles situasjonsforståing og for å ha analytisk tilnærming i utfordrande situasjonar.

For å ta i vare beredskapsverdiane og dei proaktive prinsippa, skal kommunen nytte proaktiv stabsmetodikk på alle nivå i beredskapsorganisasjonen. Dette er viktig for å sikre ein planlagt respons og handtering av potensielle beredskapssituasjonar.

«Overordna beredskapsplan, administrativ del» vil vere tilgjengeleg for ålmenta på kommunen sine nettsider og for dei tilsette i kommunen sitt kvalitetssystem. Øvrig beredskapsplanverk er unntatt offentlegheit av omsyn til tryggleiken, og kan derfor berre vere tilgjengeleg for internt bruk.

Statsforvaltaren førar tilsyn for å sikre at kommunane oppfyller krava til beredskapsplanlegging og følgjer gjeldande lovar og forskrifter. Dette gir innbyggjarane tryggleik for at kommunen tar samfunns-tryggleik og beredskap på alvor.

Me håpar «Overordna beredskapsplan - administrativ del» vil vere eit verdifullt verktøy for å styrke evna vår til å handtere uønskete hendingar og sikre tryggleik for alle innbyggjarane i Bømlo kommune.

Kjetil Aga Gjøsæter  
Kommunedirektør

# Innholdsliste:

Forord .....	2
Endringslogg .....	4
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>5</b>
1.1. <i>Bakgrunn</i> .....	5
1.2. <i>Formål med planen</i> .....	5
1.3. <i>Verkeområde</i> .....	6
1.4. <i>Fullmakter</i> .....	6
1.4.1. <i>Kommunedirektør</i> .....	6
1.4.2. <i>Ordfører</i> .....	6
1.4.3. <i>Kommuneoverlege</i> .....	7
1.5. <i>Tryggleiksklarering</i> .....	7
1.6. <i>Tilsyn</i> .....	7
1.7. <i>Omgrep</i> .....	7
<b>2. Beredkapsorganisasjonen .....</b>	<b>8</b>
2.1. <i>Strategisk nivå</i> .....	9
2.1.1. <i>Ordfører</i> .....	10
2.2. <i>Operasjonelt nivå</i> .....	10
2.2.1. <i>Anna organisering av operasjonelt nivå</i> .....	11
2.2.2. <i>Støttefunksjonar til strategisk og/eller operasjonelt nivå</i> .....	11
2.3. <i>Taktisk nivå</i> .....	12
2.3.1. <i>Kommunen sin leiar på taktiske nivå</i> .....	12
2.3.2. <i>Taktisk nivå ved beredskapssituasjon som skjer utanom kommunal verksemd</i> .....	13
<b>3. Beredkapsplanverk.....</b>	<b>14</b>
3.1. <i>Tilgjenge til beredkapsplanverk</i> .....	14
3.2. <i>Overordna beredkapsplan – administrativ del (1)</i> .....	14
3.3. <i>Operative beredkapsplanar</i> .....	15
3.3.1. <i>Beredkapsplan for strategisk nivå og operasjonelt nivå</i> .....	15
3.3.2. <i>Taktisk beredkapsplan</i> .....	15
3.3.3. <i>Kontakt detaljar (varslingslister ) for beredskap</i> .....	16
3.4. <i>Temaspesifikke beredkapsplanar</i> .....	16
3.4.1. <i>Evakueringsplan</i> .....	16
3.4.2. <i>Informasjonsplan</i> .....	16
3.4.3. <i>Øvrige temaspesifikke beredkapsplanar</i> .....	16
3.5. <i>Illustrasjon av beredkapsplans-hierarkiet</i> .....	18
3.6. <i>Ansvar for utarbeiding, revisjon og øving av beredkapsplanane</i> .....	19
3.7. <i>Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) som grunnlag for beredkapsplanar</i> .....	19
<b>4. Prioriteringer, prinsipp og metode.....</b>	<b>20</b>

4.1. Beredskapsverdiene .....	20
4.1.1. Menneske .....	20
4.1.2. Ytre miljø.....	21
4.1.3. Økonomiske verdier .....	21
4.2. Dei nasjonale beredskapsprinsippa.....	21
4.2.1. Ansvarsprinsippet .....	21
4.2.2. Likskapsprinsippet.....	22
4.2.3. Nærleiksprinsippet.....	22
4.2.4. Samvirkeprinsippet .....	22
4.3. Dei proaktive prinsippa .....	22
4.3.1. Sikker usikkerheits-prinsippet .....	22
4.3.2. Moderat overreaksjons-prinsippet .....	23
4.3.3. Første informasjons-prinsippet.....	23
4.3.4. Tillit / omdømme .....	23
4.4. Proaktiv stabsmetodikk.....	23
<b>5. Kompetanse, opplæring, vedlikeholdstrening .....</b>	<b>24</b>
5.1. Samfunnstryggleik som ein kjede .....	24
5.2. Kompetanseutviklings- og øvingsplan .....	24
5.3. Kompetansekrav og opplæring .....	25
5.4. Vedlikeholdstrening og øving.....	25
5.4.1. Øvingsmål .....	26
5.4.2. Evaluering etter øving .....	26
5.5. Evaluering etter reelle hendingar .....	27
<b>6. Krav til utforming og revisjon av overordna administrativ beredskapsplan .....</b>	<b>28</b>
6.1. Dokumentstyring.....	28
6.1.1. Revisjon eller versjonsendring av overordna beredskapsplanverk .....	28
<b>Vedlegg 1: Omgrepsliste med definisjonar .....</b>	<b>29</b>

Endringslogg		
Dato nytt dok.	Erstattar dokument av	Merknad
05.06.2024	18.04.2024	Endring av strategisk nivå (namn på og samansetjing)
22.04.2024	02.11.2018	Oppdatert informasjon, samt einskilde presiseringar og endringar
02.11.2018	2012	Dokumentet er nytt i oppbygning og innhald

# 1. Innleiing

Bømlo kommune har organisert ein beredskapsorganisasjon for å kunne handsama ekstraordinære hendingar og situasjonar som ikkje like effektivt kan handsamast av den daglege driftsorganisasjonen.

Med omgrepet beredskapsorganisasjon er å forstå: «Den organisasjon som en virksomhet har etablert med ekstraordinære ressurser og fullmakter for å respondere på hendelser som ikke like effektivt kan håndteres av den ordinære driftsorganisasjonen» (Lunde: «Praktisk krise- og beredskapsledelse», Universitetsforlaget (2014)).

## 1.1. Bakgrunn

Kommunal beredskapsplikt er regulert i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) § 14 og § 15 og i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Eit ledd i denne plikten er å ta utgangspunkt i kommunen sin heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og utarbeida ein beredskapsplan.

## 1.2. Formål med planen

«Overordna beredskapsplan - administrativ del» skildrar korleis beredskapen i Bømlo kommune er organisert, samordna og dokumentert. Planen skildrar i tillegg kva prinsipp, prioriteringar og metodar som skal vera førande for organiseringa av beredskap og utøving av beredskapsleiing i kommunen.

Planen er ein administrativ plan som, saman dei operative beredskapsplanane omtala i dokumentet, skal dekkja krava til overordna beredskapsplan som kjem fram i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt, og også hjelpa kommunen i å leia handtering når det skjer ein beredskaps situasjon.

Overordna administrativ beredskapsplan skal også bidra til at kommunen jobbar heilskapleg og systematisk med beredskap og samfunnstryggleik.



«Kvardagshendingar», ulykker og hendingar som skjer i det daglege skal bli tatt i vare av ordinære driftsplanar.

Kommunen sitt beredskapsplanverk er retta mot hendingar som «går utover kapasitet i ordinære rutinar og grunnberedskap» (jf DSB: Veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt) og store regionale og nasjonale hendingar.

*Illustrasjonen er henta frå DSB «veileder til forskrift av kommunal beredskapsplikt»*

### 1.3. Verkeområde

«Overordna beredskapsplan - administrativ del» er ein administrativ del av overordna beredskapsplanverket som gjeld Bømlo kommune, er seksjons- og verksemdsovergrepande og gjeld for alle nivå i den kommunale organisasjonen.

### 1.4. Fullmakter

Det er kommunedirektøren som besluttar når ei hending, situasjon eller tilstand er så alvorleg og / eller påvirker kommunen på ein slik måte at beredskapsorganisasjonen må mobiliserast for å handtera den oppståtte beredskapssituasjonen.

Så snart det er forsvarleg, skal beredskapsleiinga overføra handteringa til den daglege driftsorganisasjonen. Kommunedirektør avgjer kva tid beredskapsleiinga skal demobiliserast. Målet er å oppnå ein normal driftssituasjon innan 72 timar etter mobilisering av beredskapsleiinga.

Dei ekstraordinære ressursar som må setjast inn for å handtera ei uønskt hending, skal i utgangspunktet dekkast innanfor budsjettet til det tenesteområdet som er råka. Krev ressursinnsatsen større omdisponering enn rammene og føresetnadane for fullmakta, må dette takast opp med kommunedirektøren, som avgjer om saka kan løysast innanfor budsjettfullmaktene og føresetnadane, eller om saka må behandlast politisk.

Kommunelova sin «hasteparagraf» i [«Lov om kommuner og fylkeskommuner» § 11-8](#) om utvida mynde i hastesaker, kan nyttast i fall ei utsetjing av tiltak vil føra med seg store problem. I siste instans må leiar gjennomføra nødvendige tiltak basert på naudrett dersom retningslinjene elles ikkje kan følgjast.

#### 1.4.1. Kommunedirektør

«[Delegering av avgjerdsmynde i Bømlo kommune](#)», vedteke i kommunestyret 04.12.2023, PS 85/2023, omtalar m.a. delegering til kommunedirektøren. Også delegering etter kommunelov og etter særlovar er skildra i dokumentet, samt økonomi og budsjettstyring.

#### 6.2. Delegering

All delegert avgjerdsrett må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer gjevne av kommunestyret, og innafor dei rammer og føresetnader som ligg i budsjett, økonomiplan, kommuneplan og andre vedtekne planar.

#### 1.4.2. Ordførar

«[Delegering av avgjerdsmynde i Bømlo kommune](#)», vedteke i kommunestyret 04.12.2023, PS 85/2023, omtalar m.a. ordføraren sin delegering i krisesituasjonar og sommarfullmakt.

Det er for å kunne handtera beredskapssituasjonar effektivt og forsvarleg at ordføraren, som del av kommunal beredskapsleiing, er gitt fullmakter når det gjeld handsaming av beredskapssituasjonar som rammer eller berører kommunen.

#### 5. Ordføraren

##### 5.1. Delegering i krisesituasjonar

1. I krisesituasjonar skal ordføraren - når det ikkje er tid til eller praktisk å kalla inn formannskapet - ha fullmakt til å gjera nødvendige vedtak på vegne av kommunen, her medrekna fullmakt til å bruka kommunale midlar, jf. Kommunelova § 11-8.
2. Når det er nødvendig kan ordføraren i slike situasjonar fråvika gjeldande reglar for kommunale vedtak. Vedtaka skal likevel skrivast ned og journalførast så snart dette er praktisk mogeleg.

### 1.4.3. Kommuneoverlege

«[Delegering av avgjerdsmynde i Bømlo kommune](#)», vedteke i 04.12.2023, PS 85/2023, omtalar utgangspunktet for delegering og delegering etter særlover til kommuneoverlegen.

## 1.5. Tryggleiksklarering

Etter oppmoding frå Statsforvaltaren si beredskapsavdeling har kommunedirektøren søkt om, og fått innvilga tryggleiksklarering til hemmeleg, jf. [Lov om nasjonal sikkerhet \(sikkerhetsloven\)](#). I mange kommunar er, i tillegg til kommunedirektør, også ordførar og beredskapsrådgjevar / beredskapskoordinator tryggleiksklarert. Kommunedirektøren, saman med beredskapsavdelinga hos Statsforvaltaren, gjer løpande vurdering om det er fleire i beredskapsorganisasjonen som treng slik tryggleiksklarering.

Grunnen til slik tryggleiksklarering er å beskytta verksemder, som er omfatta av «sikkerhetsloven», mot personar eller organisasjonar som kan tenkjast å setja nasjonale tryggleiksinteresser i fare. Med tryggleiksgradert informasjon er det meint informasjon som ikkje skal offentleggjerast, men er merka med tryggleiksgrad ihht reglane i «sikkerhetsloven» § 5-3, og som kan vera til skade for tryggleiken til riket dersom informasjonen vert spreia og kjem på avvege.

## 1.6. Tilsyn

Gjennom tilsyn frå Statsforvaltaren vert det sett til at kommunane har beredskapsplanverk på plass og elles følgjer lovar og forskrifter som omhandlar kommunal beredskapsplikt.

Innbyggjarane kan derfor vera trygg på at kommunen oppfyller krava i lovar og forskrifter som gjeld beredskap.

## 1.7. Omgrep

Sjå vedlegg i dette dokumentet.

## 2. Beredskapsorganisasjonen

Bømlo kommune har etablert ein beredskapsorganisasjon for å handtera ulike typer beredskapssituasjonar. Dei færreste beredskapssituasjonar er å sjå på som ein krise<sup>1</sup>, men er heller ei hending der kommunen sin beredskapsorganisasjon gjer førebuingar og/eller handterer reduksjon av konsekvensar ved uønskta situasjonar.

Kommunedirektøren besluttar korleis beredskapsorganisasjonen i kommunen skal vera organisert.

Beredskapsorganisasjonen består av tre nivå som har ulike ansvarsområde og oppgåver:

- Strategisk nivå skal primært leia og koordinera innsatsen for å ivareta kommunen sine overordna interesser, herunder sikra driftskontinuitet og ivareta kommunen sitt omdømme. Når strategisk nivå er mobilisert er den kalla kommunal beredskapsleiing (KBL).
- Operasjonelt nivå skal leia, koordinera og støtta taktisk nivå med kompetanse, kapasitet og kommunikasjon. Operasjonelt nivå kan bli aktivert, når kommunedirektør eller kommunal beredskapsleiing finn dette naudsynt, ved svært alvorlege, store eller komplekse beredskapssituasjonar som rammar kommunen eller i uønskta hendingar der aktivering av dette nivået vil vera praktisk. Det operasjonelle nivået vert kalla operasjonell beredskapsstab. Når den operasjonelle beredskapsstaben ikkje er mobilisert, vert beredskapsstaben sine oppgåver tatt i vare av strategisk nivå.
- Taktisk nivå er den kommunale verksemda som er ramma av ei beredskapshending eller dei representantar kommunen disponerar på ein eksternt innsatsstad.

I tillegg kjem støttefunksjonar til strategisk nivå og/eller operasjonelt nivå. Desse vert kalla inn alt etter kva situasjonen krev. Med støttefunksjonar er meint personar med kompetanse som er relevant i den spesifikke beredskapshendinga. Internt i kommunen kan dette t.d. vera rådgjevarar i kommunedirektøren eller kommunalsjefane sin stab og/eller verksemdsleiarar og/eller personar som innehar kompetanse på spesielle fagfelt. Støttefunksjon kan også vera eksterne, som ikkje er tilsett i kommunen.



<sup>1</sup> «En krise er en hendelse som har et potensial til å true viktige verdier og svekke en virksomhets evne til å utføre sine samfunnsfunksjoner» (NOU 2000: 24 Et sårbart samfunn)



Beredskapsorganisasjonen i Bømlo kommune skal vera funksjonsavhengig og ikkje personavhengig, noko som krev forsvarleg opplæring av alle personar som skal fylla dei ulike funksjonane.

Personar som innehar gitte funksjonar, har eit sjølvstendig ansvar for å tileigna seg kunnskap og ferdigheiter knytt til det ansvaret funksjonen inneber.

## 2.1. Strategisk nivå

Bømlo kommune si overordna beredskapsleiing er organisert på det strategiske nivået. Mange beredskapssituasjonar som rammar eller som berører kommunen treng strategiske ressursar, men vil og ha behov for å løysa operasjonelle oppgåver. I dei fleste beredskapssituasjonar vil det strategiske nivå sjølv kunne ta i vare dei operasjonelle oppgåvene på ein tilfredsstillande måte samstundes som det strategiske er tatt i vare.

Omgrepet «kommunal kriseleiing» som til no har vore nytta, er misvisande. Dei færraste hendingar er å rekna som ein krise for Bømlo-samfunnet. Den kommunale beredskapsleiinga blir mobilisert i forskjellige typer beredskapshendingar, - også hendingar som ikkje er å rekna som krise, men som likevel er ein beredskapssituasjon eller ei uønskt hending. Det er derfor beslutta at namnet vert endra frå «kommunal kriseleiing» til «kommunal beredskapsleiing» (KBL). Erfaring visar at det sjeldan er behov for mykje ressursar, i alle fall i ein innleiande fase, og derfor vert den faste samansetjing endra slik at KBL berre består av kommunedirektør og ordførar. På den måten er kommunen si øvste administrative og politiske leiing representert. Dette for mest mogleg lik organisering i uønskete hendingar og beredskapssituasjon som i vanleg drift, jf. ansvars- og likskapsprinsippet.

KBL er leia av kommunedirektøren eller den som til einkvar tid er fungerande kommunedirektør. Det er den til ei kvar tid leiaren av KBL som besluttar mobilisering og kven som skal mobiliserast.

Kommunedirektør kan beslutta å mobilisera KBL forsterka med interne og/eller eksterne ressursar som støttefunksjonar.

Det kan skje mindre hendingar som ikkje utløyser mobilisering av KBL, men som vert følgd nøye av ein eller fleire som leiar av KBL peikar ut.

Kommunedirektøren si strategiske leiargruppe (SLG) vil tidleg få informasjon om hendingar som har potensiale til å bli ei større hending, og SLG vil bli halde oppdatert om situasjonen. Når det skjer større uønskete hendingar og/eller hendingar som krev fleire strategiske ressursar, vil heile eller delar av kommunedirektøren si strategisk leiargruppe (SLG) naturleg bli mobilisert. Dersom nokon i strategisk leiargruppe ikkje kan møta, vil andre i leiargruppa overta oppgåver som denne funksjonen har.

Ingen vert kalla inn til KBL utan at dei har konkrete oppgåver ihht tildelte funksjons- eller tiltakskort eller fått tildelt andre konkrete oppgåver.

Kommunedirektør kan utnemna ein representant frå kommunen til innsatsområdet, kalla liason (bindeledd), slik at det vert enklare for KBL å få eit situasjonsbilde direkte frå innsatsområdet, samstundes som det vert ein kortare kommunikasjonsveg mellom KBL og leiinga i innsatsområdet. Eventuelt kan innsatsleiinga be om å få liason frå kommunen til innsatsstaden.

I einiskilde hendingar kan det vera aktuelt å ha ein liason frå eksterne samarbeidspartnarar knytt til KBL, for på den måten å ha ein meir direkte og kortare kommunikasjonsveg mellom KBL og aktuell ekstern aktør. Eventuelt kan liason frå KBL bli plassert hos ekstern samarbeidspartnar.

I langvarige beredskapssituasjonar må det vurderast om det er naudsynt å etablera fleire skift i KBL. Kommunedirektør, i samråd med resten av KBL, vil setja opp vaktplan. Eit skift bør normalt ikkje vara lenger enn 8 timar.

Det er ikkje noko vaktordning for KBL, men både kommunedirektøren og ordførar sine jobbar er av ein slik art at dei sjeldan er heilt utilgjengeleg. Og det same er også tilfelle for kommunedirektøren si strategiske leiargruppe.

Når kommunal beredskapsleiing vert mobilisert må det framgå av innkallinga kva som er møtestad, då møtestad vert vald ut frå kva som er formålstenleg i aktuell beredskapssituasjon. Det kan og skje at KBL vert samla digitalt. Funksjonane i KBL skal mobiliserast så raskt som mogleg.

Det er primært ordførar som uttalar seg til pressa i beredskapssituasjonar, sekundært er det kommunedirektør som gjer slik uttale. Det same gjeld dersom det er behov for informasjon til formannskapet og/eller kommunestyret.

### 2.1.1. Ordførar

Ordførar er på vegne av kommunestyret del av kommunal beredskapsleiing (KBL).

Delegering i krisesituasjonar er gitt til ordføraren frå kommunestyret, sjå kapittel 2 i dette dokumentet.

## 2.2. Operasjonelt nivå

Kommunedirektør kan beslutta at operasjonelt nivå (operasjonell beredskapsstab) blir etablert. Staben skal bidra med operativ handtering av den uønskte hendinga. Dette kan skje ved svært alvorlege, store eller komplekse beredskapssituasjonar som rammar kommunen. Operasjonelt nivå kan også bli aktivert når kommunedirektøren elles finn dette naudsynt eller når det er beredskapssituasjonar som krev operative aksjonar meir enn strategiske vurderingar, eller det kan vera at det i den aktuelle beredskapssituasjonen er mest formålstenleg at det vert oppretta operasjonell beredskapsstab sjølv om beredskapssituasjonen ikkje er å sjå på som svært alvorleg, stor eller kompleks. Dette kan t.d. vera ved ei svært langvarig beredskapssituasjon der operasjonell beredskapsstab vil stå for det daglege arbeidet og held KBL oppdatert, medan KBL på strategisk nivå møtast sjeldnare for oppdatering og for strategiske vurderingar og beslutningar.

Alt etter kva beredskapssituasjonen er, vil KBL i samråd med utnemnd leiar av den operasjonelle beredskapsstaben mobilisera relevant personell, som t.d. kan vera: verksemdsleiarar, rådgjevarar, fellesekretariat, personalavdeling, teknisk drift eller eksterne aktørar.

Samansetjing av og storleiken på den operasjonelle beredskapsstaben vil variera ut frå omfang og karakter av hendinga. Alle relevante/påverka tjeneste- og fagområde kan inkluderast i staben, og samansetjinga skal vurderast fortløpende. Dei fleste hendingar kan og bør løysast i den ordinære linja som er påverka. Om ei stabsløysing vert nytta, så bør handteringen så raskt som mogleg bli tilbakeført til linja.

Når den operasjonelle beredskapsstaben er mobilisert, er det utnemnd leiar av beredskapsstab som vil organisera stabsmedlemmane på ein slik måte at beredskapsstaben løyser nødvendige operasjonelle oppgåver.

Den operasjonelle beredskapsstaben vil vera eit koordinerande ledd mellom det strategiske og det taktiske nivået.

Beredskapsstaben vil i prinsippet ha dei samme type oppgåver uavhengig av hending. Det kan t.d. vera å innhenta og bearbeida informasjon, planleggja og anbefala tiltak for KBL, omsetja KBL sine beslutninger i handling og koordinera tiltaka. Det kan også vera oppgåver som koordinering og samordning av ressursar og personell, samt støttefunksjon for både strategisk og taktisk nivå, og bistå med kompetanse, kapasitet, kommunikasjon, koordinering, ressursmobilisering og ivaretaking av personell.

Ettersom det sjeldan vil vera trong for å mobilisera beredskapsstaben, er det ikkje kostnadseffektivt å ha vaktordning.

Funksjonane i beredskapsstab har ikkje mobiliseringstid, men skal mobilisera så fort som mogleg. Når operasjonell beredskapsstab vert mobilisert, må det gå klart fram kvar ein skal møta. Mobiliseringsstad vert beslutta alt etter kva som er mest formålstenleg ut frå beredskapssituasjonen. Det kan og skje at beredskapsstaben vert samla digitalt.

Ved langvarige beredskapssituasjonar bør det vurderast om det er naudsynt å etablera fleire skift i beredskapsstaben. Eit skift bør normalt ikkje vara lenger enn 8 timar.

### 2.2.1. Anna organisering av operasjonelt nivå

Ved mindre beredskapssituasjonar, der potensialet ikkje vert vurdert som så stort eller formålstenleg at det vil vera naudsynt å mobilisera operasjonell beredskapsstab, vil strategisk nivå sjølv ivareta dei operasjonelle arbeidsoppgåvene.

I nokre situasjonar vil det ikkje vera naudsynt å mobilisera anna enn einskildpersonar til ein beredskapsstab, slik at KBL med denne forsterkinga sjølv vil kunne handtera dei operasjonelle arbeidsoppgåvene, parallelt med dei strategiske.

I einskilde særeigne og fagspesifikke beredskapssituasjonar, vil det kunne vera aktuelt å la ein seksjon fungera som beredskapsstab, utan at andre enn leiaren frå operasjonelle beredskapsstaben vert mobilisert. Dette vil særleg vera i tilfelle der responsen og handteringen ikkje er akutt, og der alle aktuelle taktiske ressursar tilhøyrar ein og same seksjon.

**Lokalt samvirkesenter:** Beredskapsstaben vil kunne fungera som eit lokalt samvirkesenter, dersom det er formålstenleg i aktuell beredskapssituasjon.

### 2.2.2. Støttefunksjonar til strategisk og/eller operasjonelt nivå

Alt etter kva beredskapssituasjon som oppstår, kan det vera aktuelt både på strategisk og operasjonelt nivå å kalla inn støttefunksjonar som får konkrete oppgåver. Dette kan vera interne eller eksterne personar med spesifikk kompetanse på einskilde område, rådgjevarar eller andre, - alt tilpassa potensialet i den beredskapssituasjonen som skal handterast.

## 2.3. Taktisk nivå

Taktisk nivå kan vera

- a) ei kommunal verksemd som er ramma av ei beredskapssituasjon eller
- b) ein beredskapssituasjon som skjer ein stad i kommunen, som ikkje er kommunal verksemd, t.d. i ein privat bedrift, eller ein beredskapssituasjon som skjer utanfor eller i grensa til kommunen.

I beredskapssituasjonar kan det derfor vera fleire taktiske einingar i innsats, innafor ulike fag- og tenesteområde. Det kan vera kommunen sine egne ressursar, i tillegg til ulike eksterne ressursar.

Dei som er leiarar i det daglege, skal så langt det er hensiktsmessig handtera uønskete hendingar innanfor eige ansvarsområde (jf. grunnleggjande prinsipp for beredskap).

Ved svært alvorlege, store eller komplekse beredskapssituasjonar vil KBL kunne overta handteringa av hendinga eller bistå ramma avdelingar. Beredskapsleiinga skal ivareta kommunen sine overordna interesser, under dette skal driftskontinuitet sikrast og omdømmet takast i vare.

### 2.3.1. Kommunen sin leiar på taktiske nivå

Dersom det skjer ei beredskapssituasjon i ei kommunal verksemd, er det i utgangspunktet verksemdsleiar som vert kommunen sin leiar på taktiske nivå. Dersom hendinga er svært alvorleg eller omfattande, vil kommunal beredskapsleiing kunne overta leiinga av hendinga og verksemdsleiar kan då bli liason. Dersom beredskapssituasjonen er av ein slik art at naudetatane er på staden, vil desse overta leiing på taktisk nivå, og verksemdsleiar (eller andre frå kommunen) vil kunne bli liason på innsatsstaden.

Ei kommunal verksemd der det skjer ei beredskapssituasjon vert karakterisert som eit innsatsområde eller ein innsatsstad, og vert kalla taktisk nivå. Den som representerer den kommunale verksemda er kommunen sin leiar på taktisk nivå og den som rapporterer anten til operasjonell beredskapsstab eller direkte til kommunal beredskapsleiing (KBL). Kven den kommunale taktiske leiaren skal rapportera til, vil tydeleg gå fram av informasjon frå KBL eller operasjonell beredskapsstab.

Dersom det er fleire verksemder som er ramma eller berørt av same beredskapssituasjon, og det er fleire samtidige hendingsstader, vil det kunne vera fleire kommunale leiarar på taktisk nivå som er i innsats parallelt eller at naudetatane overtar og at kommunal(e) leiar(ar) vert liason.

På ein innsatsstad der fleire kommunale verksemder yt innsats saman, skal det oppnemnast ein kommunal leiar på taktisk nivå som koordinerar all kommunal innsats på staden, og som rapporterar samla til den operasjonelle beredskapsstaben, eller direkte til kommunal beredskapsleiing (KBL) dersom operasjonelt nivå ikkje er mobilisert. Kven som skal vera kommunen sin leiar på taktisk nivå på staden, vil vera ei avgjerse tatt av KBL. Den som er kommunen sin taktiske leiar kan, dersom det er praktisk mogleg og det ikkje kjem liason frå kommunen, opptre som kommunen sin representant overfor eventuelle naudetater eller andre organisasjonar som yt innsats på staden. Det vil likevel vera den spesifikke hendinga som vil vera avgjerande for kven som vert kommunen sin representant.

#### 2.3.1.1. Intern organisering

Alle verksemder og avdelingar i Bømlo kommune har ansvar for å etablera, organisera og vedlikehalda ein tilfredsstillande beredskap.

Oppstår det ein naudsituasjon, skal aktuell naudetat kontaktast på naudnummer.

Dersom nokre av verksemdene eller avdelingane i kommunen vert berørt av ei beredskapssituasjon, har dei sjølve ansvaret for å varsle om beredskapssituasjonen til aktuell kommunalsjef eller kommunedirektør, evt via kommunen sin beredskapstelefon. Med bakgrunn i denne varslinga vil det bli vurdert mobilisering av beredskapsorganisasjonen (strategisk og/eller operasjonelt nivå). Varsling til kommuneleiinga skal gjennomførast sjølv om naudetatane og eiga verksemd er varsla om hendinga.

Når beredskapsorganisasjonen er mobilisert, vil ramma eller berørt verksemd utgjera det taktiske nivået i kommunen sin beredskapsorganisasjon, og normalt er det verksemdsleiar som vil vera kommunen sin leiar på taktisk nivå, men det kan bli gjort ei anna vurdering i den aktuelle situasjonen.

Verksemdsleiar der hendinga skjer besluttar sjølv korleis dei vil organisera beredskapen i eiga verksemd, jf. beredskapsorganiseringa som er omtala i beredskapsplan for taktisk nivå. Den lokale beredskapsorganiseringa kan ikkje vera i strid med innhaldet i kommunen sitt overordna beredskapsplanverk.

### 2.3.2. Taktisk nivå ved beredskapssituasjon som skjer utanom kommunal verksemd

Dersom det skjer ei beredskapssituasjon ein stad i kommunen som ikkje er kommunal verksemd, vil ikkje kommunal leiing automatisk verta involvert. Naudetatane vil med stort sannsyn vera til stades, og vil då oppretta ILKO (innsatsleiar sin kommandoplass) med innsatsleiar politiet som leiar, og med innsatsleiarar frå hhv. brann og helse med seg i ILKO. Sannsynlegvis vil ulukkeseigar ha ein representant tilgjengeleg for ILKO.

Dersom hendinga er av ein slik art at kommunen vert involvert, så kan kommunen senda ein representant (liason) til ILKO, for på den måten at det vert kortare og enklare rapporteringsveg mellom ILKO og kommunal beredskapsleiing. Innsatsstaden vert det taktiske nivået i hendinga.

Uavhengig om naudetatar er involvert i hendinga, vil ulukkeseigar likevel kunne be om kommunal assistanse. Er det ønskje om bistand frå psykososialt kriseteam, skal slik førespurnad rettast til legevakta.

## 3. Beredskapsplanverk

Saman med denne administrative del består overordna beredskapsplan for Bømlo kommune av fleire operative beredskapsplanar.

Dei operative planane er separate dokument som er meint nytta aktivt under handtering av beredskaps-situasjon, medan grunnleggande kunnskap i denne administrative del av planen vert forutsett er innlært før hendingar skjer.

Overordna beredskapsplanverk er merka med fargar, alt etter om det er administrativ eller operativ del og om det er strategisk, operasjonelt eller taktisk nivå.

### 3.1. Tilgjenge til beredskapsplanverk

Beredskapsplanverket er plassert i kommunen sitt kvalitetssystem og er tilgjengeleg for forskjellige nivå i kommunen sin beredskapsorganisasjon. Overordna beredskapsplan, administrativ del er også tilgjengeleg på kommunen si nettside.

Det operative beredskapsplanverket er tilgjengeleg i kommunen sitt kvalitetssystemet for kommunen sin beredskapsorganisasjon, og er unntatt offentlegheit. Unntaksheimelen som er nytta er offentleglova §§ 14 og 24 tredje ledd då det overordna beredskapsplanverk i Bømlo kommune er å rekna som interne arbeidsdokument for kommunen sin beredskapsorganisasjon og er ikkje sendt ut av kommunen. Dokumenta inneheld fleire detaljerte opplysningar til bruk for handsaming av beredskapshendingar i kommunen med detaljopplysningar som vil kunne gi skadeverknader om dei vert offentleg kjende. Detaljar om korleis kommunen handsamar beredskapshendingar, også skadereduserande tiltak ved såkalla «villet handling», vil kunne føra med seg ein fare for at beredskapen vil kunne bli sett ut av spel på ein slik måte at det kan oppstå fare for liv og helse i ein beredskaps- eller krisesituasjon.


Overordna beredskapsplanverk er tillegg tilgjengeleg i utskreven versjon for den kommunale beredskapsleiinga. Kvar verksemd er sjølv ansvarleg for å ha beredskapsplanverket i utskreven versjon.

### 3.2. Overordna beredskapsplan – administrativ del (1)

Denne administrative overordna beredskapsplanen er verksemdsovergripande for Bømlo kommune, gjeld for heile organisasjonen og beskriv korleis beredskapen i Bømlo kommune er organisert, samordna og dokumentert, samt beskriv kva prinsipp, prioriteringar og metodar som skal vera førande før organiseringa av beredskapen og utøving av beredskapsleiing i kommunen.

Kommunedirektøren er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av overordna administrativ beredskapsplan. Planen skal gjennomgåast årleg, og eventuell revisjon skal dokumenterast. Årlege revisjonar vert godkjend av kommunedirektøren.

Dokumentet er tilgjengeleg på kommunen si nettside og i kommunen sitt kvalitetssystem.



### 3.3. Operative beredskapsplanar

Dei operative beredskapsplanane er interne arbeidsdokument, som er unntatt offentlegheita etter Offentleglova §§ 14 og 24, og beskriv korleis krise- og beredskapssituasjonar i Bømlo kommune kan handterast. Planane skal byggast opp slik at dei kan nyttast som effektive og aktive hjelpemiddel under alle beredskapsfasane; a) varsling og mobilisering, b) handtering og risikoreduksjon, c) demobilisering og normalisering.

Kommunen sine operative beredskapsplanar skal nyttast på dei tre nivåå i beredskapsorganisasjonen; strategisk, operasjonelt og taktisk nivå.


Kommunedirektøren er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av overordna beredskapsplanverk. Desse dokumenta skal reviderast årleg, og revisjonen skal dokumenterast.

Verksemdsleiar er ansvarleg for eige tillegg til taktisk beredskapsplan, og desse tilleggga er supplement, og underordna strategisk, operasjonelt og taktisk beredskapsplan. Planane skal reviderast årleg, og revisjonen skal dokumenterast.

#### 3.3.1. Beredskapsplan for strategisk nivå og operasjonelt nivå

«Beredskapsplan for strategisk nivå og operasjonelt nivå (2)», gjeld for kommunal beredskapsleiing (KBL) og for operasjonelt nivå (beredskapsstab). Planen inneheld aktuelle funksjonskort og tiltakskort, samt evt øvrige hjelpemiddel for handtering av beredskapssituasjonar. Dei som vert kalla inn som støttefunksjonar vil få tildelt spesifikke funksjons- eller tiltakskort og/eller spesifikke oppgåver. Ingen deltar i KBL eller operasjonell beredskapsstab utan å ha spesifikk oppgåve.

Dokumentet er plassert i kommunen sitt kvalitetssystem og er tilgjengeleg for ein-skilde funksjonar i kommunen sin beredskapsorganisasjon, er unnateke offentlegheita i henhold til Offentleglova §§14 og 24, og skal ikkje delast utanfor kommunen sin beredskapsorganisasjon.



#### 3.3.2. Taktisk beredskapsplan

«Taktisk beredskapsplan (3)» gjeld alle arbeidsstadane (verksemdene, avdelingane) i Bømlo kommune. Verksemdene utarbeidar eige tillegg som omhandlar t.d. rømmingsvegar, brannberedskap og evt verksemdspesifikke tema. Tillegga for verksemda er supplement, og underordna strategisk, operasjonell og taktisk beredskapsplan.


Taktisk beredskapsplan inneheld naudsynte funksjonsbeskrivingar, samt aktuelle tiltakskort og øvrige hjelpemiddel for handtering av beredskapssituasjonar.

Dokumentet er plassert i kommunen sitt kvalitetssystem og er tilgjengeleg for ein-skilde funksjonar i kommunen sin beredskapsorganisasjon, er unnateke offentlegheita i henhold til Offentleglova §§14 og 24, og skal ikkje delast utanfor kommunen sin beredskapsorganisasjon.



### 3.3.3. Kontaktdetaljar (varslingslister ) for beredskap

Det er laga to forskjellige utgåver av «kontaktdetaljar for beredskap (4)». Den eine utgåva inneheld kontaktdetaljar til alle verksemdene innan seksjonen helse, sosial, omsorg, innan seksjonen oppvekst, kultur, idrett og innan seksjonen samfunnsutvikling. Dokumentet er plassert i kommunen sitt kvalitetssystem og er tilgjengeleg for einskilde funksjonar i kommunen sin beredskapsorganisasjon, er unnateke offentlegheita i henhold til Offentleglova §§14 og 24, og skal ikkje delast utanfor kommunen sin beredskapsorganisasjon.



Den andre utgåva av «kontaktdetaljar for beredskap (4)» er berre tilgjengeleg for kommunal beredskapsleiing, kommunedirektøren si strategiske leiargruppe og nokre få andre funksjonar i kommunen sin beredskapsorganisasjon, då einskilde organisasjonar som kommunen vil kunne samhandla med i ein beredskaps situasjon har sett klare restriksjonar på kven som skal kunne få tilgang til deira kontaktdetaljar.

Dokumentet er plassert i kommunen sitt kvalitetssystem og er tilgjengeleg for einskilde funksjonar i kommunen sin beredskapsorganisasjon, er unnateke offentlegheita i henhold til Offentleglova §§14 og 24, og skal ikkje delast utanfor kommunen sin beredskapsorganisasjon.

Dokumenta med kontaktdetaljar for beredskap skal oppdaterast årleg, men bør oppdaterast halvårleg, eller oftare dersom det er vesentlege endringar.

## 3.4. Temaspesifikke beredskapsplanar

Temaspesifikke beredskapsplanar er planar som anten er lovpålagt å utarbeida ihht til lov om kommunal beredskapsplikt eller temaspesifikke beredskapsplanar som er utarbeidd i henhold til øvrig lovgiving eller fordi det er rådd til frå nasjonale instansar eller fordi det har oppstått eit behov for planane. Dei temaspesifikke planane er verksemdsovergrepande, og er tilgjengeleg for einskilde funksjonar i kommunen sin beredskapsorganisasjon.

### 3.4.1. Evakueringsplan

Det er eit krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt at kommunen skal ha ein plan for befolkningsevakuering. Planen skal vera ein del av overordna beredskapsplan, og er integrert i «Beredskapsplan for strategisk nivå og operasjonelt nivå».

### 3.4.2. Informasjonsplan

Det er eit krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt at kommunen skal ha ein plan for informasjon til befolkninga. Informasjonsplanen skal innehalda ein plan for befolkningsvarsling, plan for mediesenter og plan for telefonsvarsenter. Planen skal vera ein del av overordna beredskapsplan, og er integrert i «Beredskapsplan for strategisk nivå og operasjonelt nivå».

### 3.4.3. Øvrige temaspesifikke beredskapsplanar

Øvrige temaspesifikke beredskapsplanar som kommunen er ansvarleg for, er interne arbeidsdokument som er plassert i kommunen sitt kvalitetssystemet.



#### **3.4.3.1. Beredskapsplan for tryggleik på rådhuset**

Beredskapsplan for tryggleik på rådhuset er sikra gjennom «Taktisk beredskapsplan», samt branninstruks og andre dokument relatert til branntryggleik for rådhuset. Kommunedirektør er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av dokumenta.

#### **3.4.3.2. Beredskapsplan for Bømlo brann og redning**

Plan for kommunal brann- og redningstjeneste. Brannsjef er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av planen.

#### **3.4.3.3. Beredskapsplan for akutt forureining**

Bømlo kommune er med i Interkommunalt utvalg mot akutt forurensing (IUA) Haugesund region, som har utarbeidd plan for taktisk handtering av situasjonar med akutt forureining, herunder utnytting av Interkommunalt utvalg mot akutt forurensing (IUA) sine ressursar. IUA er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av planen.

#### **3.4.3.4. Beredskapsplan IT**

Planen beskriv overordna struktur for beredskapsplanar og organisering av beredskap for informasjonssystema i Bømlo kommune, samt rutinar for handtering av hendingar og tryggleiksmål / iverksetjing av førebyggjande tiltak i tråd med tryggleiksstrategi. Leiar for IKT-avdelinga er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av planen.

#### **3.4.3.5. Beredskapsplan for personell- og befolkningsivaretaking**

Psykososialt kriseteam har fleire einiskiddokument som dekkjer det å ta i vare befolkinga når det gjeld psykososial ivaretaking og anna omsorg. Plan for oppretting og drift av omsorgssentra (t.d. evakuerte-senter, pårørandesenter), samt ivaretaking av personell er integrert i «Beredskapsplan for Beredskapsplan for strategisk nivå og operasjonelt nivå».

#### **3.4.3.6. Beredskapsplan for helsetjenester**

Beredskap for helsetenester er delt i fleire dokument:

«Helse- og sosialberedskapsplan», «smittevernplan» med vedlegg, «pandemiplan» og vedlegg, samt i «Beredskapsplan for strategisk nivå og operasjonelt nivå».

Kommunalsjef for helse, sosial og omsorg er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av «helse- og sosialberedskapsplanen». Dokumentet er plassert i kommunen sitt kvalitetssystem, og er i tillegg sendt til relevante samarbeidspartnarar som t.d. Sunnhordland Interkommunale legevakt IKS.

Kommuneoverlegen/smittevernlegen er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av «smittevernplan» og «pandemiplan» med vedlegg. Dokumenta er plassert i kommunen sitt kvalitetssystem. «Smittevernplanen» er i tillegg plassert på kommunen sine nettsider.

#### **3.4.3.7. Beredskapsplan for radioaktivitet**

Plan for taktisk handtering av situasjonar med radioaktivt nedfall eller stråling er integrert i «Beredskapsplan for strategisk nivå og operasjonelt nivå samt i «taktisk beredskapsplan».

### 3.4.3.8. Beredskapsplan for vatn og avløp


Bømlo Vatn og Avløp (BVA) har beredskapsplan for vatn og avløp, og er sjølv ansvarleg for utarbeiding og revisjon av planen.

### 3.4.3.9. Beredskapsplan for straumforsyning

Finnås Kraftlag har beredskapsplan for straumforsyning, og er sjølv ansvarleg for utarbeiding og revisjon av planen.

Teknisk drift har beredskapsplan for straumbrot ved kommunale bygg.

## 3.5. Illustrasjon av beredskapsplans-hierarkiet



### **3.6. Ansvar for utarbeiding, revisjon og øving av beredskapsplanane**

Kommunedirektøren har det overordna ansvaret for at dei beredskapsplanar som er lista i punkt 3, med unnatak av beredskapsplanar for BVA og Finnås Kraftlag, vert utarbeidd, får årleg revisjon og forsvarleg øving, medan det er den einskilde leiar for aktuell verksemd eller avdeling som er ansvarleg for utføringa.

### **3.7. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) som grunnlag for beredskapsplanar**

Lov om kommunal beredskapsplikt set krav om at kommunen sin overordna beredskapsplan skal vera utarbeidd med utgangspunkt i risiko- og sårbarheitsanalyse.

Ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) skal i denne sammenheng identifisera kva uønskte hendingar som kan inntreffa, vurdere årsaker, sannsyn og konsekvens tilhøyrande hendingane, vurdere og identifisera tiltak som er eigna til å redusera risikoen i samband med hendingane. Med andre ord; ROS-analyse beskriv kva som kan gå galt, sannsynet for at det går galt og konsekvensane dersom det går galt. Ein slik analyse skal primært danna grunnlag for ein målretta og strukturert risikostyring, men kan også nyttast som grunnlag for etablering av beredskap.

Eit viktig grunnlag for gode analysar er kunnskap og erfaring, anten det er heilskapleg ROS-analyse eller temaspesifikk analyse.

Gode analysar bidrar til at ressursene kan utviklast og nyttast mest mogleg effektivt innanfor forsvarlege kostnadsrammer.

## 4. Prioriteringer, prinsipp og metode

Beredskapsorganiseringen og utøving av beredskapsleiing i Bømlo kommune skal vera forankra i anerkjente prioriteringer, prinsipp og metoder for leiing av beredskapssituasjonar og kriser.

Kommunen skal i beredskapsorganiseringa følgja dei nasjonale beredskapsprinsippa og etterleva dei proaktive prinsippa i beredskapsleiinga si. Utøving av beredskapsleiing skal vera potensialbasert, og prioriteringer skal gjerast på bakgrunn av prioriteringsrekkefølga i beredskapsverdiene. For å sikra dette skal utøving av beredskapshandteringa vera potensialebasert og proaktiv<sup>2</sup> stabsmetodikk nyttast.

### 4.1. Beredskapsverdiene

All planlegging og ressursutnytting i beredskapssituasjoner skal i Bømlo kommune ta utgangspunkt i det å ta i vare beredskapsverdiene og prioriteringsrekkefølga mellom desse.

Beredskapsverdiene er i prioritert rekkefølge:

1. Menneske
2. Ytre miljø
3. Økonomiske verdier

Tillit / omdømme er ein fjerde verdi. Å ta i vare omdømmet inngår ikkje direkte i prioriteringsrekkefølga, men er i vesentleg grad avhengig av korleis kommunen ivaretar og klarer å formidla korleis dei tre øvrige beredskapsverdiene vert tatt i vare.

Prioriteringsrekkefølga gjeld på to område; Ved lite ressurser som kan nyttast i innsats for å ivareta fleire av verdiene, bør ressursene alltid prioriterast i innsats for prioritering av den høgast beredskapsverdien. Dette er ikkje til hinder for at parallelle aksjoner for å ivareta fleire av verdiene samtidig kan setjast i verk.

Prioriteringsrekkefølga gjeld også i situasjoner der innsats for å ta i vare ein verdi kan utgjera ein risiko for å gjera skade på ein av dei andre beredskapsverdiene. I slike tilfelle bør innsats ikkje setjast i verk dersom innsats mot ein lågaste rangert verdi kan utgjera ein uakseptabel risiko for skade på ein høgare rangert verdi. Særleg gjeld dette dersom innsats for å berga miljøet eller økonomiske verdier kan utgjera ein uakseptabel risiko for innsatsmannskapa.

#### 4.1.1. Menneske

Ivaretaking av menneske skal alltid prioriterast høgast. Det er den direkte innsatsen for å berga liv og helse til menneske som primært skal prioriterast, men også den vidare psykososiale ivaretakinga bør prioriterast då dette ein svært viktig oppgåve innan kommunal beredskap. Psykososial oppfølging, anna omsorg og informasjon til menneske som er direkte eller indirekte involvert, til deira pårørande, til dei tilsette i kommunen og kommunen sine innsatsmannskap, samt befolkninga i kommunen og øvrige

---

<sup>2</sup> Proaktivitet: «En persons eller en gruppes evne til å beslutte og å handle forsvarlig i nåtid basert på en kvalifisert vurdering av en situasjons fremtidige utvikling». (Lunde, «Praktisk krise- og beredskapsledelse», Universitetsforlaget, (2014))

interessenter, er eit kommunalt ansvar som Bømlo kommune skal ta i vare på ein best mogleg måte i alle beredskapssituasjonar. I dette arbeidet er kommunen sitt psykososiale kriseteam viktig.

#### 4.1.2. Ytre miljø

Etter ivaretaking av menneske, skal vern av det ytre miljø prioriterast. Med det ytre miljø er å forstå, i denne samanheng, alle uerstattelige verdier, herunder også kulturminne og arkivmateriale.

Vern av det ytre miljøet, kulturminne og arkivmateriale er ein kommunal beredskapsoppgåve som Bømlo kommune bør vera bevisst og ta i vare på ein optimal måte i alle beredskapssituasjonar.

#### 4.1.3. Økonomiske verdier

Når menneske og uerstattelige verdier er tatt i vare, skal kommunen sine økonomiske verdier takast i vare og vernast. Både materielle og immaterielle verdier som er erstattelege, og kommunen sin tenesteproduksjon vert rekna som økonomiske verdier.

Bømlo kommune eig, disponerer og drifter store fellesverdier for samfunnet. Desse verdiene bør takast i vare på ein tilfredsstillande måte i alle beredskapssituasjonar. Gjennom kommunen sitt ansvar for Bømlo brann og redning, samt for vatn og avløp (via BVA), har kommunen også eit ansvar for å berga og ivareta private og offentlege verdier utanfor kommunalt eige, når desse vert truga.

Kommunen har også eit ansvar for å oppretthalda tenestetilbodet sitt på eit forsvarleg nivå på tross av eventuelle beredskapssituasjonar, og dette er eit ansvar som Bømlo kommune bør vera bevisst og ivareta på ein tilfredsstillande måte i alle beredskapssituasjonar.

### 4.2. *Dei nasjonale beredskapsprinsippa*

Det er fire grunnleggjande nasjonale beredskapsprinsipp for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Desse prinsippa gjeld også for risiko-, beredskaps- og krisekommunikasjon.

Prinsippa er ansvar, likskap, nærleik og samvirke. Desse prinsippa vert også lagt til grunn for Bømlo kommune sin beredskap.

#### 4.2.1. Ansvarsprinsippet

Ansvarsprinsippet tydar at den organisasjon som har ansvar for eit fagområde i ein normalsituasjon, også har ansvar for det samme området i beredskapssituasjonar.

Ved å behalda eit ansvarsområde på samme stad, er det enklare å finna og forhalda seg til dei rette funksjonane og einingane i beredskapssituasjonar der tid og effektiv kommunikasjon og beslutningstaking kan vera kritiske faktorer.

Alle ledd i Bømlo kommune si organisering beheld, så langt som mogleg, ansvarsoppgåvene sine i beredskapssituasjonar, og dei har ansvar for å etablera og bemanna dei beredskapsressursene som ivaretar det råka ansvarsområdet i beredskapsorganisasjonen.

#### 4.2.2. Likskapsprinsippet

Likskapsprinsippet tydar at den organisering ein opererer med i beredskapssituasjonar, skal i utgangspunktet vera mest mogleg lik den organisasjon ein har til dagleg.

Dette gjer det enklare å manøvrera i organisasjonen under hektiske situasjonar fordi ressursar, informasjonskanalar, og ansvars- og kommunikasjonslinjer allereie er innarbeidd og kjent.

I Bømlo kommune sin beredskapsorganisasjon er den politiske og den administrative leiinga vidareført i beredskapsorganisasjonen, og fagleiarar og verksemdsleiarar beheld funksjonane sine som eininga si leiar også i beredskapssituasjonar, så langt dette er mogleg.

#### 4.2.3. Nærleiksprinsippet

Nærleiksprinsippet tydar at beredskapssituasjonar organisatorisk skal handterast på lågast mogleg nivå.

Verksemdsleiarane i Bømlo kommune er innsatsleiarar på taktisk nivå for hendingar som rammar eiga verksemd. Kommunen sin øvste administrative leiing responderar på og handterar alle hendingar som rammer eller påvirker Bømlo kommune, og er kommunen sin øverste ansvarlege.

#### 4.2.4. Samvirkeprinsippet

Samvirkeprinsippet tyder at myndigheiter, verksemdar eller etater har eit sjølvstendig ansvar for å sikra best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemdar i arbeidet med førebyggjing, beredskap og handtering av beredskapssituasjonar eller krisesituasjonar. Dette for å sikra best mogleg samvirke med interne og eksterne relevante aktørar i beredskapssituasjonar.

Beredskapsorganisasjonen til Bømlo kommune er ein organisasjon der alle seksjonane deltar med sin særlege kompetanse. Samvirket mellom den politiske og administrative leiinga er dekkja gjennom at ordførar er del av kommunal beredskapsleiing.

### 4.3. *Dei proaktive prinsippa*

Etterleving av dei proaktive prinsippa, skal sikra at Bømlo kommune responderer så tidleg som mogleg med tilstrekkelege ressursar i alle potensielle beredskapssituasjonar.

#### 4.3.1. Sikker usikkerheits-prinsippet

Sikker usikkerheits-prinsippet inneber at kommunedirektør, kommunalsjefar, verksemdsleiarar, avdelingsleiarar eller tilsette alltid bør velja å varsle eller å mobilisera beredskapsorganisasjonen dersom vedkommande er usikker på om det er naudsynt å mobilisera.

Det samme gjeld dersom det er usikkert om det er naudsynt å iverksetja eit tiltak som kan ha positiv effekt under ein beredskapssituasjon. Om ein er usikker så bør tiltaket iverksetjast.

Ved å ha kunnskap om sikker usikkerheits-prinsippet vil terskelen for å «trykka på den store raude knappen» vera lågare fordi ein veit at det tar tid å mobilisera ressursar. Det er enklare å demobilisera enn å mobilisera, og det er betre å iverksetja tiltak i ein tidleg fase enn å venta til hendinga har eskalert eller komme ut av kontroll.

#### 4.3.2. Moderat overreaksjons-prinsippet

Moderat overreaksjons-prinsippet inneber at beredskapsorganisasjonen alltid, og så tidleg som mogleg, bør forsøka å gjennomføra ressursmobilisering av eit slikt omfang at det er tilgjengeleg ein overkapasitet på dei viktigaste ressursane.

#### 4.3.3. Første informasjons-prinsippet

Første informasjons-prinsippet inneber at Bømlo kommune i utgangspunktet alltid bør forsøka å vera først ute med informasjon til media og andre interessenter om dei beredskapssituasjonar som rammer kommunen. Informasjonen bør alltid vera så korrekt som mogleg, sjølv om informasjonen kan gi kommunen negativ publisitet.

#### 4.3.4. Tillit / omdømme

Ivaretakinga av Bømlo kommune sin tillit og omdømme i ein beredskapssituasjon vil i stor grad vera avhengig av korleis kommunen evner å ivareta dei øvrige beredskapsverdiene, og korleis kommunen formidlar dette på ein god og effektiv måte til media og øvrige interessenter.

Tillit er viktig for ein kommune for å kunna oppretthalda statusen sin som en attraktiv bustad- og næringslivskommune, arbeidsplass, og for å sikra tilfredsstillande og økonomisk forsvarleg bruk av det frivillige kommunale tjenestetilbodet.

Bømlo kommune skal, etter beste evne, forsøkja å vera ein føregangskommune innan informasjonsberedskap, både når det gjeld befolkningsinformasjon, ivaretaking av interessar og mediehandtering.

### 4.4. *Proaktiv stabsmetodikk*

For å sikra at Bømlo kommune har ein potensialbasert og planlagt respons på, og handtering av, alle potensielle beredskapssituasjonar, der beredskapsverdiene vert ivaretatt og dei proaktive prinsippa vert etterlevd, skal kommunen nytta proaktiv stabsmetodikk som beredskapsleiingsmetodikk på alle nivå i beredskapsorganisasjonen.

Kommunedirektøren er ansvarleg for at det vert lagt til rette for forsvarleg opplæring i bruk av metodikken til dei funksjonar som det forventast vil ha bruk for denne metodikken, og at naudsynte hjelpemiddel for bruk av proaktiv stabsmetodikk er tilgjengeleg.

## 5. Kompetanse, opplæring, vedlikeholdstrening

Ein beredskapsplan dokumenterar berre korleis beredskapen er organisert og samordna eller korleis beredskapssituasjonar er forventa handtert. Planane gir ikkje organisasjonen reell beredskapsevne. For å kunna etterleva beredskapsplanverk og gi organisasjonen reell beredskapsevne, krevs det at organisasjonen har fokus på samfunnstryggleik og beredskap, samt nødvendig kompetanse, opplæring og øving som vil gjera at beredskapsplanverk kan bli etterleva og organisasjonen kan få beredskapsevne.


For å sikra dette, skal dei personer som inngår i Bømlo kommune sin beredskapsorganisasjon ha gjennomført opplæring og deltatt på vedlikeholdstrening som krevs for å oppretthalda tilfredsstillande ferdigheiter, så lenge dei innehar ein beredskapsfunksjon.

Kommunedirektøren er ansvarleg for at det i Bømlo kommune vert planlagt og gjennomført opplærings tiltak som sikrar at alle som tek del i øvingar og aksjonar har rett kompetanse i høve til dei oppgåvene dei er sette til å løysa.

### 5.1. Samfunnstryggleik som ein kjede

Utdrag frå [Meld. St. 10 \(2016–2017\) Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet](#): «Arbeidet med samfunnssikkerhet må være systematisk. Ulike deler av samfunnssikkerhetsarbeidet henger sammen, og hvor gode vi er på én del påvirker andre deler av arbeidet. Er vi gode på forebygging, får vi sjeldnere hendelser vi må håndtere. Er vi flinke til å lære etter en hendelse, håndterer vi den neste hendelsen bedre. Det er derfor naturlig å se på arbeidet med samfunnssikkerhet som en sammenhengende kjede. Figuren nedenfor illustrerer dette.

I arbeidet med samfunnssikkerhet er det viktig å ha kunnskap om våre styrker og svakheter innenfor alle «ledd» i samfunnssikkerhetskjeden. Det gjør arbeidet mer målrettet og effektivt.»



### 5.2. Kompetanseutviklings- og øvingsplan

Kommunedirektøren er ansvarleg for at det vert utarbeidd ein plan for kompetanseutvikling, opplæring, trening og øving. Planen skal rullerast jamleg, vera så detaljert som mogleg, ha eit fornuftig omfang som ikkje rammer øvrig tenesteproduksjon unødvendig og skal sikra at Bømlo kommune til ein kvar tid har kompetent personell som bemanner funksjonene i beredskapsorganisasjonen. Alle som inngår i beredskapsorganisasjonen må få nødvendig opplæring, trening og øving slik at dei er best mogleg i stand til å ta i vare eigen funksjon.

Regelmessig trening og øvingar er eit viktig verkemiddel for å auka Bømlo kommune sin evne til å handtera uønskta hendingar. Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunen å øva regelmessig.



Scenario for øvingane vert primært henta frå kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse. I øvingane kan det valde scenario og øvingsform gjera det hensiktsmessig å øva saman med relevante aktørar i og utanfor den kommunale beredskapsorganisasjonen. Små øvingar gir ofte vel så god effekt som større øvingar.

Alle tilsette som kallast inn til øvings- og opplæringsaktiviteter skal prioritere å stilla på desse. Gjennomført opplæring skal dokumenterast og plasserast i kommunen sitt kvalitetssystem.

### **5.3. Kompetansekrav og opplæring**

Det bør setjast krav til kva kompetanse dei ulike personane som innehar dei ulike funksjonane i beredskapsorganisasjonen er forventa å inneha, og kva opplæring dei skal få tilbod om for å kunne opparbeida seg naudsynt kompetanse.

Personane som innehar dei ulike leiarfunksjonar i strategisk nivå, operasjonell beredskapsstab og taktisk nivå må gjennomføra grunnleggjande opplæring og øvingar.

Kommunedirektøren er ansvarleg for at det vert gjennomført naudsynt øvings- og opplæringsaktivitet for funksjonene i den strategiske beredskapsleiinga og den operasjonelle beredskapsstaben.

Kommunalsjefane er ansvarlege for at det vert gjennomført naudsynt øvings- og opplæringsaktivitet i seksjonane sine for dei funksjonane som er omtala i taktisk beredskapsplan og evt eige planverk i seksjonen.

Verksemdsleiarar er ansvarleg for å gjennomføra naudsynte øvings- og opplæringsaktiviteter i eiga verksemd.

Alle tilsette som kallast inn til øvings- og opplæringsaktiviteter skal prioritera å stilla på desse. Gjennomført opplæring skal dokumenterast og plasserast i kommunen sitt kvalitetssystem.

### **5.4. Vedlikehaldstrening og øving**

Dei ulike personane som innehar dei ulike funksjonene i beredskapsorganisasjonen bør ha krav om vedlikehaldstrening og øving, slik at dei skal kunne oppretthalda nødvendig kompetanse kontinuerleg og over tid.

Kommunedirektøren er ansvarleg for at det vert gjennomført naudsynt vedlikehaldstrening og øvingsaktivitetar for dei ulike funksjonene på strategisk nivå og operasjonell beredskapsstab.

Kommunalsjefane er ansvarleg for at det blir gjennomført naudsynt vedlikehaldstrening og øvingsaktiviteter omtala i taktisk beredskapsplan, og dette bør samordnast med kommunedirektøren. I kvar verksemd er det verksemdsleiarane som er ansvarleg for å gjennomføra naudsynt vedlikehaldstrening og øvingsaktiviteter for dei funksjonane som er omtala i taktisk beredskapsplan og i eige planverk for verksemda. Alle leiarar skal, som eit minimum, kvart år gjennomgå beredskapsplanverk med alle tilsette for dei delar av planverket som gjeld tilsette, og sørnga for at beredskapsplanverket vert øvd og at det vert

laga øvingsrapport. Kva som skal øvast bør samordnast med kommunalsjef. Oversikt over gjennomførte øvingar vil plasserast i kommunen sitt kvalitetssystem.

Dei tilsette som vert kalla inn til vedlikehaldstrening og øvingar skal prioriterast å stilla på desse.

Gjennom øvingar skal Bømlo kommune sikra seg:

- at alle tilsette kjenner dei delar av beredskapsplanverket som gjeld den funksjon kvar einskild har
- at alle leiarar lærar seg å bruka beredskapsplanverket
- avdekka forbettingspotensiale, svikt og avvik både i kunnskap og planverk, og få retta dette opp
- avdekka kva som fungerer godt.

Opplæring og øving aukar forståinga av at beredskapsarbeid er nødvendig, og vil kunne avdekka forbettingspotensiale og utvikling av beredskapsplanverk, -opplæring og -øving, men også kva som fungerer godt.

Planlagde tiltak er:

#### 1. Kartlegging av opplæringsbehov.

Slik kartlegging omfattar:

- Vurdering av dei tilsette sine behov for formelle kvalifikasjonar
- Vurdering av dei tilsette sin innsats i beredskapsarbeid for å fastslå behov og potensial for vidare utvikling.

#### 2. Gjennomføring av opplæringstiltak som omfattar:

- Opplæring av leiarar og nøkkelpersonell med tanke på beredskapsarbeid for å sikra ein effektiv beredskapsorganisasjon, kunnskap om risiko- og sårbarheitsanalysar, målsetting og prinsipp for effektiv beredskap.
- Opplæring av personell i korleis beredskapsorganisasjonen fungerer, ansvarstilhøve, administrative og faglege prosedyrar.
- Kurs, opplæring og øvingar for tilsette slik at dei kan vedlikehalde og vidareutvikle kvalifikasjonane sine.
- Rullerande plan for å ivareta nødvendige kompetansekrav og vedlikehaldstrening.
- Oversikt over gjennomført opplæring skal dokumenterast og plasserast i kommunen sitt kvalitetssystem.

### 5.4.1. Øvingsmål

For kvar øving skal det utarbeidast klare øvingsmål. Det er desse som dannar grunnlaget for evaluering av hendinga. Øvingsmål (hovudmål og evt delmål) må vera målbart og setjast slik at det er mogleg, gjennom evaluering i etterkant, å konkludera om øvingsmåla er nådd eller ikkje.

### 5.4.2. Evaluering etter øving

Etter gjennomførte øvingar skal det gjennomførast evaluering der det like viktig er å ta med kva som fungerte godt, som kva som er forbettingspotensiale, både når det gjeld kompetanse og kva som må vurderast av endringar i beredskapsplanverk (jf forskrift om kommunal beredskapsplikt).

Evalueringa må ha ein konklusjon der evt endringar og gjeremål vert lista, og der det er sett både ansvarleg og tidsfrist for dette arbeidet. I kommunen sitt kvalitetssystemet er det tilgjengeleg ein mal for evaluering som alltid skal nyttast etter gjennomført øving.

### **5.5. Evaluering etter reelle hendingar**

Alle beredskapssituasjonar skal evaluerast, jf Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 8 (2011). Evalueringa skal dokumenterast og stå i stil med situasjonen, farepotensialet og omfanget av beredskapssituasjonen.

Som del av evaluering skal det vurderast kva som fungerte bra, kva som fungerte mindre bra og forbettingspotensiale i hendinga og eventuelt også i eksisterande planverk. Dersom det er naudsynt med revidering av planverk og/eller gjennomføring av andre tiltak, skal dette skrivast i rapporten. For alle gjeremål etter ei reell hending skal det setjast ein tidsfrist for dette og ein ansvarleg for gjeremålet.

Evalueringa skal nyttast aktivt for å gi Bømlo kommune oppdatert kunnskap og læring. Ny læring skal auka kunnskapen og ferdigheitene til neste beredskapssituasjon.

Ein beredskapssituasjon er ikkje avslutta før evaluering er gjennomført og eventuelle forbetringstiltak er implementert.

Rapporten etter reelle hendingar skal plasserast i kommunen sitt kvalitetssystem.

## 6. Krav til utforming og revisjon av overordna administrativ beredskapsplan

«Overordna beredskapsplan - administrativ del» skal utformast for fargeutskrift som hefte. Den til ein kvar tid gjeldande utgåve av planen skal vera tilgjengeleg elektronisk i kommunen sitt kvalitetssystem, slik at planen er lett tilgjengeleg for kommunen sine tilsette. «Overordna beredskapsplan - administrativ del» skal også offentleggjerast på kommunen si nettside.

Kommunedirektøren er ansvarleg for utarbeiding og revisjon av overordna beredskapsplanverk.

Planverket skal gjennomgåast årleg, og eventuell revisjon skal dokumenterast. Årlege revisjonar, t.d. tilpassa omorganisering internt i kommunen og/eller med bakgrunn i erfaringar frå øvingar og reelle hendingar, medan det kvart 4. år vert lagt opp til ein eventuell versjonsendring av beredskapsplanverket. Planen vert godkjent av kommunedirektøren.

### 6.1. Dokumentstyring

Bømlo kommune har prosedyrar som sikrar at nødvendige dokument som gjeld arbeidet med beredskap vert skrivne, reviderte, godkjende, gjort kjende og fordelte.

Dokument som er plassert i kommunen sitt kvalitetssystem vert revidert årleg. Det er alltid siste versjon av dokumentet som er tilgjengeleg.

#### 6.1.1. Revisjon eller versjonsendring av overordna beredskapsplanverk

Når beredskapsplanverk er revidert, eller det vert gjort versjonsendring, må dette gjerast kjend:

- Internt i kommunen vert det via e-post til alle leiarar i kommunen vist til oppdatert dokument som er plassert i kommunen sitt kvalitetssystem.
- Eksternt: Plan vert sendt som vedlegg i e-post til relevante eksterne samarbeidspartnarar.

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Omgrepsliste med definisjonar

I det følgjande er det lista ein del omgrep som vert nytta i samfunnstryggleik og beredskap, og det er svært viktig med felles forståing av omgrep. Omgrepa er lista alfabetisk.

### Beredskap

«Tiltak for å forebygge, begrense eller håndtere uønskede hendelser og kriser». (NOU 2000: 24. Et sårbart samfunn, (2000))

### Beredskapsleiing

Dei som har leiinga i ein beredskapssituasjon. Beredskapsleiinga kan organiserast på tre nivå: strategisk, operativt og taktisk, jf. Lunde: «Praktisk krise- og beredskapsledelse», Universitetsforlaget (2014):

**Strategisk.** Den strategiske beredskapsleiinga er den overordna leiinga av beredskapsorganisasjonen i ein beredskapssituasjon. Den strategiske beredskapsleiinga skal tenkje framtidretta og koordinerande og jobbe for å hindre eller avgrensa den negative konsekvensen den uønskete hendinga kan få for organisasjonen. Drifta elles må ivaretakast, og tiltak for å sikra beredskap for andre og nye hendingar må sikrast. Den strategiske beredskapsleiinga skal òg ta hand om omdømme, økonomi og eventuelle juridiske konsekvensar hendinga kan få for organisasjonen.

**Operativ.** Den operative beredskapsleiinga skal leia, koordinera og støtta innsatsen til taktiske einingar i ein beredskapssituasjon for å sikra at innsatsen er effektiv og i samsvar med planverket og dei strategiske føringane til verksemda.

**Taktisk.** I ein beredskapssituasjon skal den taktiske beredskapsleiinga leia individ i innsats for å hindra eller avgrensa skadar på menneske, ytre miljø, økonomiske verdiar eller omdømme, gjennom utføring av konkrete oppgåver.

### Beredskapsorganisasjon

«Den organisasjon som en virksomhet har etablert med ekstraordinære ressurser og fullmakter for å respondere på hendelser som ikke like effektivt kan håndteres av den ordinære driftsorganisasjonen» (Lunde: «Praktisk krise- og beredskapsledelse», Universitetsforlaget (2014))

### Beredskapsplan

Eit dokument som beskriv ansvar, mynde, leiings- og kommunikasjonslinjer. Det går fram kven som gjer kva, og når og korleis noko skal gjerast i ein beredskapssituasjon.

### Beredskapssituasjon / beredskapshending

«En tilstand eller hendelse, og dennes eventuelle utvikling, som starter ved at virksomheten beslutter å mobilisere hele eller deler av sin beredskapsorganisasjon og som varer til beredskapsorganisasjonen er demobilisert». (Lunde: «Praktisk krise- og beredskapsledelse», Universitetsforlaget 2014)

### Helse -og sosial beredskap

Helse- og sosialtenesta si evne til å kunne utvida og omstilla tenestekapasiteten sin til det som vil vera nødvendig i fredstidskriser og tryggleikspolitiske kriser. Plan for helse- og sosial beredskap: Ei samling av førebudde beredskapstiltak som verksemda kan setja i verk raskt i ein beredskaps-, katastrofe- eller krisesituasjon. Målet med planen er å komma over i ein arbeidssituasjon som helse- og sosialtenesta er vane med å handtera.

### **Kommunal beredskapsleiing (KBL)**

Bømlo kommune har ei kommunal beredskapsleiing der kommunedirektøren er leiar. Kommunal beredskapsleiing består av kommunedirektøren og ordførar. Etter behov og situasjon kan kommunedirektøren si strategiske leiargruppe og/eller andre funksjonar / fagpersonar / rådgjevarar eller eksterne med relevant fagkompetanse kallast inn der dei vert rådgjevarar eller får konkrete arbeidsoppgåver.

### **Kommuneoverlege**

Bømlo kommune har kommuneoverlege som er medisinskfagleg rådgjevar i kommunen.

### **Krise**

«En krise er en hendelse som har et potensial til å true viktige verdier og svekke en virksomhets evne til å utføre sine samfunnsfunksjoner» (NOU 2000:24, s. 19).

«Kriser er et samlebegrep for alle typer hendelser og situasjoner av kritisk betydning for et individ, en gruppe, en virksomhet eller et samfunn». (Lunde: «Praktisk krise- og beredskapsledelse», Universitetsforlaget 2019)

### **Kritisk infrastruktur**

«Anlegg og systemer som er nødvendige for å opprettholde eller gjenopprette samfunnets kritiske funksjoner». (Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn — Samfunnssikkerhet)

### **Proaktivitet**

«En persons eller gruppes evne til å beslutte og å handle forsvarlig i nåtid basert på en kvalifisert vurdering av en situasjons fremtidig utvikling». (Lunde, "Praktisk krise- og beredskapsledelse", Universitetsforlaget, (2014))

### **Psykososialt kriseteam**

Bømlo kommune har eit psykososialt kriseteam med personar som har relevant kompetanse for å vera til hjelp i kriser. Psykososialt kriseteam vert aktivert av legevakt, politiet eller kommunal beredskapsleiing (KBL) / kommunedirektør.

### **Risiko**

«Et produkt av sannsynligheten for at en hendelse inntreffer og konsekvensen dersom den inntreffer». (Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn — Samfunnssikkerhet)

### **Samfunnskritiske funksjoner**

«Funksjoner hvis bortfall vil true befolkningens og samfunnets grunnleggende behov». (Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn — Samfunnssikkerhet)

### **Samfunnssikkerhet**

«Samfunnets evne til å verne seg mot og håndtere hendelser som truer grunnleggende verdier og funksjoner og setter liv og helse i fare. Slike hendelser kan være utløst av naturen, være et utslag av tekniske eller menneskelige feil eller bevisste handlinger.» (Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn — Samfunnssikkerhet)

### **Trussel**

«En aktørs eller flere aktørers (stat, gruppe, individ) kapasitet og intensjon til å utføre tilsiktede, uønskede handlinger». (Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn — Samfunnssikkerhet)

### **Ulykkeseigar**

«En arbeidsgiver som rammes direkte av en uønsket hendelse. Det er kommunene og potensielle ulykkeseiere som er hovedaktørene i arbeidet med å ta hånd om evakuerte og pårørende.» (PBS 1 -Politiets Beredskapssystem)